

**Ny skogsveg ved Friheim**

17.07.2009

**Kurt Eivind Miljeteig på Friheim har søkt om å få byggja ein 150 meter lang skogsveg i klasse fire til ein kostnad på 150.000 kroner.**

Skogbrukssjefen i kommunen har sendt søknaden ut på høring fordi det heiter i forskrift om planleggjing og byggjing av landbruksvegar at kommunen skal innhenta dei uttaler som er naudsynte før vedtak blir truffe.

Også Fylkesmannen skal ha høve til å uttale seg ved søknad om nybyggjing av bilveger og ellers når søknaden berører områder som har spesiell miljøstatus.  
Kulturminnemyndigheit skal også kunne utale seg når vegen kan berøre interesser innanfor derira fagområde.

Det skal gjevast uttalefrist på minst ein månad.